

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018

### Orienteringar:

SKYSS: 1: Ny sonestruktur – erfaringar etter dei første vekene.  
2: Kva meiner SKYSS er viktig i deira ansvarsområde ?  
Noko SKYSS ønskjer å informere eller drøfte med RMNF ?

Eigedomsavdelinga: Fylkeskommunen sin status med omsyn til universell utforming av fylkeskommunen sine bygg og anlegg – ei løypemelding.

**Utvalseiar** orienterte kort om invitasjon til seminaret «Inkluderende idrettsliv» fredag den 07.08.2018. Medlemmane vart oppfordra til å melde seg på seminaret.

**Utvalseiar** minna og om Landskonferansen på Hamar den 13. og 14.09.2018 for fylkeskommunale råd for likestilling for funksjonshemma. Kjell Håland, Kjell Søvik, Harald Norheim og Inge Fiskvik deltar.

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

« Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne viser til fylkeskommunen sin vedtekne plan om individuell utforming av fylkeskommunale bygg – der målet er at alle bygg og anlegg skal vere universelt utforma innan 2019.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber fylkesrådmannen/eigedomsavdelinga om ei politisk sak i 2019 om status på arbeidet med universell utforming.»

### Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

I samband med RS 20/18 «Korleis har ungdommane i Hordaland det ?» bad **May Eva Sandvik (H)** om at det gjeve ei orientering frå Regionalavdelinga om rapporten, på neste møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 31.10.2018.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ei orientering frå eigedomsavdelinga angående nytt fylkesbygg, herunder universell utforming av det nye fylkesbygget.